

Orientering til læraren: «På linefiske med m/s Haugefisk»

I samarbeidsprosjektet «Tidskapselen» vil Musea i Sogn og Fjordane og Den kulturelle skulesekken gje alle 9-klassingar i Sogn og Fjordane ein smak av si eiga fortid og ei styrking av sitt eige rotfeste, gjennom eit besøk på sitt eige museum. Det er no utarbeidd produksjonar på kvart av dei seks musea, og Kystmuseet i Sogn og Fjordane har «På linefiske med m/s Haugefisk».

Bakgrunn for prosjektet i Læreplanen:

- Utviklinga av identiteten å kva einiskild skjer ved at ein lever seg inn i nedarva veremåtar, normer og uttrykksformer. Opplæringa skal difor ta vare på og utdjupe den kjennskapen elevane har til nasjonale og lokale tradisjonar – den heimlege historia og dei særdrag som er vårt bidrag til den kulturelle variasjonen i verda. (*Kulturarv og identitet*, s. 4)
- Opplæringa må difor tuftast på og vise bidrag frå tidlegare tider, slik dei har nedfelt seg i menneska sine tradisjonar for skapande arbeid, søking og oppleving.
- Å skape medvit om korleis vår tid og vår kvardag er bestemt av tidlegare generasjonars val – og dei føringar vi legg for kommande generasjonar.
- Å skape respekt for andre sin innsats og audmjukhet for andre sine bragder - og tru nok på seg sjølv til å våge å mislukkast. (*Det integrerte mennesket*, s 21)

I opplegget vil vi at elevane skal:

- få kunnskap om fiskeri, ei heilt avgjerande næring på kysten i all si tid
- erfare arbeidet på fiske i tradisjonell manuell drift, og den endringa som kom i automatiseringa ein innførte på 1970-talet
- bli kjend med livet til dei som var fiskarar om bord i ein autolinebåt, på fiskebankane kring Nordsjøen og langt av garde i havområda nord- og vestover.
- lære om museum

Forarbeid på skulen: Prosjektet har ein felles del der elevane først arbeider generelt med temaet **kulturarv** og **museum**.

- **Kva er eigentleg eit museum?** Drøftast i klassen på fritt grunnlag, sjå deretter definisjon og gjer quiz, jfr. vedlegg
- Kva er rolla til musea i samfunnet? Samtale omkring musea sine kjerneoppgåver: **Dokumentasjon** (skildre, registrere), **bevaring** (passe på) og **konservering** (halde ved like, for å sikre felles **kulturarv**.
Gjennom **forskning** skal musea skape ny kunnskap om fortida, og gjennom **formidling** skape forståing for trekk ved samtida vår.
- **Kva er kulturarv?** både det folk **hadde** før (materiell) og det folk **gjorde** før (immateriell), kan vere verdifull som felles arv frå fortida. Dans, musikk, teater, mattradisjonar og handverksmetodar er døme på slik immateriell kulturarv.
- **Kva skal vi ta vare på?** Det er ikkje mogeleg å ta vare på alt, og musea tek val når dei samlar inn gjenstandar. Dei må grunngje desse vala overfor samfunnet.

M/S Haugefisk, - ein fiskebåt som kom på museum.

Då M/S Haugefisk vart teken ut av drift og skulle kondemnerast (skrotast) i 2005, ville Kystmuseet ta vare på båten. Myndigheitene støtta initiativet og Riksantikvaren hadde denne grunngjevinga: *«Ingen autoline-båtar er tidlegare forsøkt bevart, og havfiskeflåten generelt er svært dårleg representert i verne-samanheng. Riksantikvaren ser difor sers positivt på Kystmuseet sitt initiativ for bevaring av Haugefisk.»*

Sidan då har Kystmuseet hatt sin eigen havgåande fiskebåt, med eit mannskap av frivillige som arbeider for at denne delen av kysten sin kultur vert tatt vare på. Båten er no **eit levande kulturminne**.

Elevane vert mannskap om bord i M/S Haugefisk for ein dag. Der skal dei fiske med line både på den gamle måten; skjere agn og egne lina for hand, men og å nytte autoline-teknologien, som var heilt ny på 1970-talet. Dei arbeider i lag med røynde karar som tidlegare har vore på fiske, og som kjenner livet om bord i båten godt.

Arbeidsoppgåver i klassen før dagen om bord

- Drøft i klassen på fritt grunnlag: **Kva er eigentleg eit museum?** sjå så definisjon og gjer quiz, jfr. vedlegg
- Gå inn på www.kyst.museum.no og finn ut:
 - 1) Kva er **Kystmuseet i Sogn og Fjordane** si oppgåve?
 - 2) Studer teksten om M/S Haugefisk, reflekter og diskuter: Kvifor skal samfunnet ta vare på ein gamal fiskebåt?

TIDSKAPSEL

Når de kjem attende til skulen: Gå saman og lag klassen sin eigen TIDSKAPSEL

Kvar elev tek med ein ting som er viktig i livet sitt nett no, (NB! ikkje verdifull! Dei må ha lov til å ta med heimanfrå!) Klassen samlar inn frå alle og lagar ein tidskapsel med gjenstandar som på ein god måte kan representere livet de har, slik at ungdom om 1000 år kan førestille seg korleis ungdom levde i år 2018. Kva vel de å ta med?

NB! Elevane må **grunngje** sine val, og vise korleis gjenstandane skal leggst i kapselen. Dei må óg tenke på at gjenstandane kan forfalle/forandre seg med tida. Korleis kan det unngåast?

Og kan immaterielle objekt gjevast vidare, td. gjeremål, handverk, mat-tradisjon, musikk, dans o.s.b. (altså korleis vi lagar eller gjer noko)?

Læraren dokumenterer klassen sin tidskapsel med film som delast med Kystmuseet. Det er rom for å utvikle dette arbeidet vidare i tekstar, ei utstilling o.a. om skulen ynskjer det.